

Sauherad



**Sauherad Venstre.
Program 2015-19**

VENSTRE
Folk først.



Trygg opvekst og god omsorg.

Venstre vil styrke den offentlege skulen, særleg gjennom å gjenreise respekt for læraren og fagkunnskapen. Venstre meiner at etterutdanning av lærarar er svært viktig for resultat og trivsel i skulen. Alle elevar er forskjellige og alle skal ha mulighet til å utnytte sine evner og sin skaperkraft.

Kvalitet i skule og barnehage.

Venstre vil:

- ✓ Sikre investering i nytt og framtidsretta skulebygg.
- ✓ At skulen skal få ro til å fokusere på samarbeid og utvikling.
- ✓ Ha spesialpedagogisk kompetanse tilgjengeleg frå 1. klasse.
- ✓ Ha tettare samarbeid mellom private og offentlege skular og barnehagar.
- ✓ Betre skulegardar for trivsel og folkehelse.

Trygg og verdig eldreomsorg.

Venstre vil:


- ✓ Utvikle eit betre tilbod for demente og pårørande.
- ✓ Gi alle som har behov for det rett til plass på sjukeheim.
- ✓ Gi stønad til og avlastning for heimebuande eldre.
- ✓ Satse på folkehelseiltak og førebyggjande helsearbeid.

“Venstre vil gi hjelpa nærast mogleg den enkelte borgar og pasient.”

Venstre vil skape ein trygg og verdig eldreomsorg. Eldre må i langt større grad få mulighet til å ha innflytelse på eigen kvardag og innhaldet i tenestene dei får frå det offentlege. Det trengs eit meir fleksibelt tilbod som fangar opp ulike ønske og behov. Venstre vil gi hjelpa nærast mogleg den enkelte borgar og pasient.

Solidaritet.

Venstre vil ta i mot fleire overføringsflyktningar for å avhjelpa flyktningsesituasjonen i Europa.



Heine Århus
1. kandidat i Sauherad

Grøn vekst i Sauherad.

Det grønne skiftet skaper muligheter - også i Sauherad

Norge må ta dei avgjerande stega for å framskande det grønne skiftet og bli eit miljøpolitisk føregangsland. Vi må skape nye grønne arbeidsplassar og gjere det både enkelt og rimeleg å vere miljøvenleg. Vi skal bruke naturen, miljøet og ressursane på ein måte som sikrar oss og barnebarna våre ei rein og trygg framtid.

Kommunen må gå foran som eit godt eksempel.

Venstre vil:

- ✓ Ha kommunale finanser ut av klimafiendtlige bransjer.
- ✓ Ha elbilar/hybridbilar som tenestebilar
- ✓ Ha fjernvarme i offentlege og større private bygg
- ✓ At kommunen prioriterer lokalt produserte varer og tenester ved innkjøp
- ✓ Ha pilotprosjekt for å redusere plastposebruken i samarbeid med forretningane.
- ✓ At alle politiske saksframlegg skal ha ei vurdering omkring bærekraft.

Sauherad skal bli leiande innanfor økologisk landbruk og kortreist mat.

Venstre vil:

- ✓ Stimulere til omsetning av lokale produkt
- ✓ At landbrukskontoret skal satse på bøndar som prøver seg økologisk.
- ✓ At landbrukskontoret/MTNU skal bygge opp under dei sterke fagmiljøa vi har i landbruket i dag.
- ✓ Styrke jordvernet
- ✓ Ivareta arealressursane våre med tanke på framtida.

Meir miljøvenleg transport.

Venstre vil arbeide for:

- ✓ Gang- og sykkelveg mellom Gvarv og Bø
- ✓ Gang- og sykkelveg mellom Gvarv og Akkerhaugen
- ✓ Betre forhold for mjuke trafikantar i heile kommunen
- ✓ Betre togtilbod i Midt-Telemark.
- ✓ Sentrumsnær bustadbygging som gjer det lettare å køyre mindre bil.



Det er god distriktspolitikk å støtte små og mellomstore bedrifter som bærande element i det lokale næringslivet.

Gode vilkår for sjølvstendig næringsdrivande.

Venstre ønsker at det skal vere enklare å starte og drive eigen bedrift og skape nye idear, verdier og arbeidsplassar.

Venstre vil:

- ✓ Utbetre kommunale vegar slik at dei ikkje er til hinder for næringsverksemd
- ✓ Stimulere næringsutvikling basert på lokale ressursar som kompetanse, kultur og naturressursar.
- ✓ At kommunen skal være pådriver for utvikling av grøn økonomi, til dømes bioenergi.
- ✓ Legge til rette for næring og handel i sentrum gjennom fortetting.
- ✓ Legge til rette for etablering av arealkrevande næring på Brenna men ikkje sentrumskonkurrerande verksemd.



Foto: Anne Ansdalen

Foto: Anne Ansdalen

Kommunereform i Sauherad.

Venstre er positive til endra kommunestruktur. Følgande er viktig for Sauherad venstre ved samanslåing:

- ✓ Tenesteytinga etter samanslåing skal være betre enn før.
- ✓ Tenestene skal være like nær brukarane som før
- ✓ Investeringar i ny skule skal gjennomførast som vedtatt i kommunens økonomiplan.

- ✓ Ved kommunesamanslåing bør ein auke satsinga på lokalt, frivilig arbeid til dømes gjennom fleire frivillighetssentralar og stønad til velforeninga og andre lokallag.

Sauherd venstre vil gå i forhandlingar med Bø, Nome og Seljord om ny kommune. Eit premiss for dette alternativet er at alle dei involverte kommunane må forplikte seg til å akseptere ei grensejustering ved Hjuksebø. Vi vil også gå i forhandlingar med Notodden m.fl.

Bustad, nærmiljø og trivsel.

Vassdraga i Sauherad er ein ressurs og ei kjelde til oppleving og trivsel!

Bustadbygging

Venstre vil:

- ✓ Satse på bustadbygging nær vassdraga men utan å øydel-egge for verneinteressar eller allmenn ferdsel.
- ✓ Ha fleir bustader i tettstadene.
- ✓ Unngå dei største bustadfelt langt frå sentrum.

Fritid

Venstre vil:

- ✓ Vidareutvikle kulturskulen.
- ✓ Ta vare på ungdomsklubben på Hjuksebø.
- ✓ Ha ungdomsklubb på Gvarv.
- ✓ Støtte Kartfestivalen, Norsk Eplefest og Norsjø kammermusikkfestival.
- ✓ Bygge idrettshall på Gvarv.
- ✓ Samarbeide med frivillige lag og foreningar.
- ✓ Ha fleir stiar og friområde ved vatnet.
- ✓ Skape arenaer for betre integrering av innvandrarar.



Aslaug Norendal
2. kandidat i Sauherad

I Sauherad meiner Venstre at det å legge til rette for eit godt nærmiljø er ei av dei viktigaste oppgåvene til lokalpolitikarane.

Gode nærmiljø gir gode rammer for sosialt liv, bidrar til trivsel og er såleis førebyggjande helsearbeid. Tette lokalsentra med gode møteplassar for alle fører til betre integrering mellom ulike sosiale grupper og ulike ungdomsmiljø.

Venstres kandidatar i Sauherad



1. Heine Århus (f.1959)
Gvarv



2. Aslaug Norendal (f. 1971)
Stranna

- 3. Thor Erik Haugen**
(f. 1977), Hjuksebø
- 4. Ola Vea Gustavsen**
(f. 1956), Gvarv
- 5. Ole Christoffer Røste**
(f. 1974), Hjuksebø
- 6. Jorill Halsnes**
(f. 1954), Gvarv
- 7. Eh Ler Hplodoh**
(f. 1980), Gvarv
- 8. Anlaug Grave Haukvik**
(f. 1984), Gvarv
- 9. Pål Kleffelgård**
(f. 1971), Stranna
- 10. Kine Rui Røste**
(f. 1975), Hjuksebø
- 11. Tore Anstensen**
(f. 1954), Gvarv
- 12. Anne Krisstine Etholm**
(f. 1981), Hjuksebø
- 13. Benjamin Selmer**
(f. 1977), Hjuksebø
- 14. Petter Sevtdal**
(f. 1938), Gvarv
- 15. Hilde Marie Svendsen**
(f. 1963), Gvarv
- 16. Aslak Gunnheim**
(f. 1944), Gvarv
- 17. Julie Enebo Grimstad**
(f. 1971), Gvarv

Les meir om venstre sin politikk på nettsidene.

venstre.no



VENSTRE